


KYRKJEBLAD

FOR VAKSDAL PRESTEGJELD

Nr. 7/8

JULA 1986

40. årg.



"ÆRE VERE GUD I DET HØGSTE, OG FRED PÅ JORDA
BLANT MENNESKE SOM GUD HAR HUGNAD !!" Luk. 2, 14

- om gudstenesta (4)

„Ære vere Gud i det høgste”

Denne lille songen kjenner du nok att. Den står i juleevangeliet. Det var englane som song han den fyrste gongen. Sidan har han fylgt gudstenesta i den kristne kyrkja opp gjennom hundreåra.

Plasseringa av dette leddet er vald med omtanke. Fyrst i gudstenesta bed vi Gud om tilgjeving for syndene våre. Deretter bed vi om hjelp i naud og sut (Kyrie eleison). Og så, med ein gong, prisar vi Gud for hans kjærleik! Vi har lov til å tru ay han har høyrt bønna vår. Og då er det verdig og rett at vi takkar og prisar han.



KANO

EI HELSING FRÅ PRESTANE

Vi er gått inn i adventstida no. Og vi prestane vil gjerne sende dykk ei helsing før jul.

Vi sender ei særskild helsing til dei som har mista ein eller fleire av sine næraste i året som gjekk. Likeeins til dei som er sjuke, eller som livet er ekstra tungt for på anna vis. Julebodskapen syner at Gud ikkje har gløymt bort nokon av oss. Gud har tent eit ljøs i mørkret. Han sender sonen sin. Og "alle som tok imot han, dei gav han rett til å verta Guds born, dei som trur på namnet hans."

Til alle i kyrkjelydane vil vi seia: Jesus kom for å frelsa oss frå syndene våre. Og han tek imot kvar einaste som kjem til han. Han gjev forlating for syndene og eit nytt liv. Vårt ønske for kvar einskild av dykk er at de kan seia det som står i julesongen: "Han er Frelsar min."

GOD JUL TIL DYKK ALLE!

Helsing

Inge Christian Meidell

Kjell Arne Norum

Ære av menneske - ære av Gud

MATTEUS 6

6 Akta dykk at de ikkje gjer dei gode gjerningane dykkar for augo på folk, så dei skal leggja merke til det. Då får de inga løn, men frels oss frå det vonde. [For riket er ditt, og makta

FORLAT OSS VÅR SKYLD SOM VI OG FORLATER VÅRE SKYLDNERE

Tenk at vi skal få lov å gå inn i julen med en slik bønn. Tenk om vi isteden måtte be "du Jesus husker sikkert noe bra jeg har gjort i året som gikk, jeg har vært ganske snill". Det er slik ungdomene sier til julenissen. Og det er derfor vi ikke bryr oss om å ha julenisse hjemme hos oss.

Julen roper jo til oss om en gave vi skal få uten å ha fortjent den. Gaven heter Jesus. Gaven heter tilgivelse. Gaven heter evig liv. Gratis. Men Jesus akk hvor går det til at dog så få betenke vil den store store kjærlighet som drog deg til vår jammer ned?

Nå vil iallfall vi tenke på den, på Jesu utstrakte hånd. Er det noen snille barn her? spør julenissen. Er det noen her som trenger tilgivelse? spør Jesus.

Ja, her er jeg. Jeg trenger tilgivelse for utaknemligheten, for bitterheten som satte seg fast i meg, for ordene jag såret en annen med, for tankene mine.

Nå er det tilgitt. Ja, for du sa det jo til Jesus, det som står i linjene foran. Si det gjerne høyt en gang til, da, hvis du leste det for fort i sta.

Det er fantastisk å få gå julen i møte med tilgitte synder. Livet byr ikke på mindre motgang av den grunn, men nå ser du målet. Hvor er vel glede slik som opp i himmerik. Jul er Jesus som innbyr oss til himmelen.

Skulle ikke vi da kunne innby noen ved at vi er slike som vil tilgi andre? Å feire jul er også å få Jesu hjelp til å legge bort bitterheten. Nå har du sjansen til å ta kontakt med en du har snudd deg vekk fra. Kanskje du var i din fulle rett, kanskje burde den andre bedt deg om tilgivelse først. Men det står ikke slik i bønnen. Det står det at like gratis som Jesus tilgir deg, skal du tilgi en annen. Å drag oss ganske til deg hen du store milde sjelevenn så vi i troen favner deg og følger på din himmelvei. Amen.

Øyvind Hartberg

6,13
nytt
6,17 23,
26,23
10,13; 2
Matt 9,1
19,21
6,15 18,35
6,24 Luk 16,13; 1 Kong 18,21
11,32; Etek
14,38; 1 Kor
6,16 Jes 58,3ff;
1 Kong 18,21

Jorda, for det er ved Jerusa- til den store skal du sver- du kan ikkje vitt eller svart. g eit nei vera snn den er av

(Luk 6,2 sagt: Aug n. Me kje imot k. Om kinnet, Vil nok ta di, så gar nok i, følg ha g, og sn l låna at

32-36) Du skal in din. ndane ylgjer t Far et si g lét rett- els- kk e? ar r



BARNESIDE



JULEOPPGÅVE:

Skjulte namn. Leit loddrett, vannrett og på skrå. Orda er henta frå juleevangeliet. Set ring rundt svara.

F	E	N	G	E	L	E	N
G	R	B	Y	N	U	G	A
J	G	E	J	H	K	L	T
A	T	T	L	O	A	E	T
T	F	L	Y	S	S	D	A
A	R	E	S	A	A	E	S
R	E	H	T	U	P	R	F
A	D	E	E	E	A	R	E
R	O	M	A	R	I	A	K

GUDS GÅVE

No er det ikkje lenge til jul! Du er sikkert spent på kva du får. Kanskje har du ønskt deg noko spesielt.

Har du tenkt på at Gud har gjeve oss ei julegåve? Han gav oss Jesus - sin eigen son. "For så elska Gud verda at han gav Son sin, den einborne, så kvar den som trur på han ikkje skal gå fortapt, men ha evig liv".

Guds gåve til oss er den største av alle gåver.

Når vi gjev ei gåve til nokon, håpar vi at dei som får ho tek imot. Gud ønskjer og at vi tek imot den gåva han har gjeve oss.

Har du tatt imot Guds gåve? Høyr kva som står i Bibelen om dei som tar imot denne gåva: "Men alle som tek imot han (JESUS), dei gav han rett til å verta Guds barn, dei som trur på namnet hans."

Hei!
Greier du å finna orda?
Send svaret til
Reidun Skurtveit,
5270 VAKSDAL,
innan 1. febr. 87.
Då vert du med
i trekninga om
ein premie.

EG ØNSKJER
ALLE EI GOD
JULEHELG!
Kjærlig
Reidun Skurtveit.



OM JULETREET

XXXXXXXXXXXXXXXXXXXXXXXXXXXX

Mange av oss trur vel helst at det å ha juletre er ein gamal skikk, på same måten som mange av dei andre juletradisjonane våre. Men juletreet er faktisk berre godt og vel 100 år i norsk miljø. Sjølv om det i lang tid har vore vanleg å pynte inne med grønne greiner og å strø hakka eier på golvet, er det ikkje truleg at juletreet er ei vidareføring av den skikken, skriv Olav Bø i boka "Vår norske jul".

Det er Tyskland som er rette heimstaden for bruken av juletreet i vår meining. Skikken skriv seg frå brytningstida mellom katolisisme og protestantisme på 1500-talet. Protestantismen førte treet inn i heimane ut frå religiøse føremål. Det gjaldt om å gjera jula til ein fest i heimen, der Jesusbarnet var det sentrale. Gåvene kom frå han, og ikkje frå den katolske helgenen St. Nikolaus (jfr. Santa Claus og vår eigen julenisse).

På slutten av 1700-talet kom skikken med dette treet til Skandinavia, og på 1800-talet var det spredd til det meste av Europa og store delar av Amerika. Alle stader finn ein at det er borgarskapet som først aksepterer den nye moten. Lærarane og skulen gjorde mykje for at skikken så fort kunne spreia seg til alle lag i folket. Skulane tok til med julefestar og borna tok desse tradisjonane med heim. Slik høyrer vi også frå Vaksdal, at det først i dette hundreåret var juletre i dei aller fleste heimar, og då særleg der det var born.

Julepynten var for det meste heimelaga papirpynt. Men handelsmennene har og sin del av æra for å ha spredd juletreskikken. Dei kunne tilby julepynt av ulike slag, både varig pynt og søtsaker som kunne hengast på treet og etast når jula var over.



Mange plassar vart juletreet møtt med religiøse motforestillingar. Ein tykte det var mest jamgodt med å dansa kring gullkalven dette at ein samlast kring eit pynta tre. Men då kan det vel vera godt å tenkja attende på årsaka til at juletreet vart tatt i bruk i heimane i Tyskland på 1700-talet: Nemleg å minnst Jesus.

I fleire generasjonar har det vore vanleg at far har henta juletreet i skogen nett før jul. Det vart sett i stova, pynta - og så tent sjølve julaften.

Etter kvart som vi har fått meir pengar og mindre tid, og handelsstanden satsar meir og meir på julehandel, er mykje av dette endra. Dei fleste kjøper vel no eit juletre til temmelig høg meterpris, og dei færreste kan vel venta heilt til helga tar til før dei tenner det. Og skal treet stå til trettand'dagen eller til tjuand'dagen?

Uansett korleis ein vel å gjera det: Jula er vel den absolutt mest tradisjonsrike tida vi har. Kvar heim har sine tradisjonar, som skal vera dei same frå år til år. Og alle må vel vedgå at det rører seg litt inni ein når ein står framfor eit pynta og lysande juletre på julaften.

Tove Margrete

'KYRKJELYDSELEVANE'

SLÅR TIL

Ein KYRKJELYDSELEV er et kjekt, ungt menneske som tusler rundt og gjør litt forskjellig et helt år. Dette kalles praksis og er et ledd i utdannelsen ved Menighetsseminaret i Bergen.

Jeg er "kyrkjelydseleven" på Dale. Jeg jobber med bl.a. klubben i Moseshuset, søndagsskolen, konfirmanterne, speiderne, IKO's faseprogram. Og så tusler jeg litt rundt på Gamleheimen. Har du en oppgave - ta endelig kontakt! Og: Du må gjerne stikke innom for en prat og "nogo attåt" ... Jeg bor i Lia 21. Velkommen!

Hei, jeg er Rune, menighetsselever som har kommet til Vaksdal for et år. Jeg er med og driver barnekoret, og er med i Fides og bibelgruppen. Har konfirmantgruppe og drar rundt på besøk til forskjellige i menigheten. Så dere er herved advart: Dere kan alle risikere å treffe på meg!

Kom gjerne på besøk! Adressen er Trollkjelvegen. (Det lille blå huset nedenfor Gamlekooppen)



TIDEN

flyr så fort -
Dagene er omme
for du får tid til å tenke deg om...
Stopp! sier du
Ikke gå!
Men tiden er ikke din...
Den går sakte, men sikkert
Timmene flyter i vei
på en elv av gjøremål
Og etterpå
er det for sent
å si at du har sløst
tiden bort -
Den kommer aldri tilbake.

Lille My

APROPOS JULESTRID OG JULEFRED

I ei mørk årstid er det vanskelig å holde humør og pågangsmot oppe. Advent er blitt julestrid. Hverdagen har håpløse ingredienser: Bekymringer, ulykker, krig, sult, nød, elendighet..

I disse tider er det at vi nok en gang skal feire jul. Vi "klamrer oss fast" i det familie og nære venner kan gi av varme og kjærlighet. Vi murer oss inne, -redde for at hverdagen skal forstyrre julefreden.

Er julen blitt en virkelighetsflukt? Kanskje... - Likevel vet vi at; elendigheten er der hele tiden...

Juletida inneholder mange gode øyeblikk. Øyeblikkene er tida som aldri kommer tilbake. Du har dagen i dag. Ta var på den, nyt den og bruk den! - For andre, for verden, for framtida.

For: Vi har også ei framtid å strekke oss mot. Vi har håpet om at en dag skal vi få en ny himmel og ei ny jord. En dag skal det bare være rettferdighet, glede og fred.

Guds stemme til oss i julestrid og tilkjempa julefred lyder slik: "For jeg vet hvilke tanker jeg har med dere, fredstanker og ikke ulykkestanker. Jeg vil gi dere fremtid og håp." Jer.



Husk èn ting: Ta vare på hverandre! Lite er viktigere enn det å være et medmenneske som bryr seg!

- MARITAMOR

HEI, HEI...

lyder hilsenen fra meg midt i julestrid.

Vi er vel slitne og trette nå etter hvert. -Ja, for slit og stress er vel nøkkelordene i denne tid om vi skal være ærlige? Men så lenge hygge er frukten av vårt strev, så er det vel fint? Men hva er det vi hygger oss over? Er det stemning? Er det budskapet?

Er alt som skal være der på plass? Julepynten? Når skal vi sette opp juletreet? Uteblir snøen, er det vel ingen skikkelig jul? Alle julepre-sangene er vel kjøpt inn?

Er det ikke dette som blir det vesentlige i julen for mange?

Bibelen er ei bok som blir tatt fram i denne tiden, om ikke av oss selv så i alle fall av presten. Og det er blitt kamp om plassene i kirken julaften flere steder. Da leses det fra Bibelen, og det er et budskap en må ha fått med seg for at det skal være skikkelig jul.

Vi kristne, ofte når vi leser i Bibelen, så leser vi et skriftsted som handler om trøst når vi er triste, et skriftsted om glede når vi er glade og vi forblir det, og et skriftsted om fred når vi er rastløse.

Ja, hvor skjønt klinger ikke et rett ord fra Herren til rett tid?

Men har vi ikke lett for å forbinde kristentroen med våre følelser på den måten?

Er det ikke det som så ofte skjer i kirken julaften? At det hele bare er noe som må til om det skal føles at nå er det jul?

Så er jeg nysgjerrig. Hva er det vi hygger oss over? Er det en stemning, eller er det budskapet? Ja, jeg er nysgjerrig, for dette budskap er det største budskap et menneske kan høre; og det er dette budskap jeg vil hilse dere med:

SE, JOMFRUEN SKAL BLI MED BARN OG FØDE EN SØNN OG DE SKAL GI HAM NAVNET IMMANUEL - DET BETYR "GUD MED OSS". OG DETTE VAR JESUS VÅR FRELSE.

Rune
Simonsen

Vi noterer oss

JULEGÅVETIPS

DEN NYE SALMEBOKA ER NO I HANDELEN ATT, ETTER Å HA VORE UTSELD SIDAN I SOMMAR.

Nytt utstyr i Stamnes kyrkje

Høgtalaranlegget i Stamnes kyrkje er no utbetra. Ein del nytt utstyr er sett inn, slik at lydartilhøva no er gode. Vaksdal og Dale kyrkjer treng og ei utbetring, og saka vert no teken opp i desse sokneråda.

Nokon å tala med

Juletida kan vera ei tung tid for mange. Det er ikkje lett å ha det vanskeleg når alle andre er glade! Dessutan er det jo ei tung og mørk tid på året. Vi som er prestar, vil gjerne seia at du er velkommen dersom du treng nokon å tala med!

JULEFEST FOR ELDRE I VAKSDAL
BEDEHUS LAURDAG 3. JANUAR
KL. 16.00

Juleverkstad for born - Vaksdal

Den tradisjonelle juleverkstaden i bedehuset på Vaksdal vert i år laurdag 13. des. frå 10.00 til 14.00.

Kva er juleverkstad? - Det er ein stad der me arbeider med julepynt og gåver. Song, andakt og matpause høyrer og med. Føremålet er lå førebju jula på rett måte.

Verkstaden er open for alle born, dei aller minste bør ha ein vaksen med seg.

Vel møtt til ein hyggeleg arbeidsdag!

Arr. Nordhordl. Indremisjon
barne- og ungdomsarb.

Barnekoret i Vaksdal



Her ser vi det nystarta barnekoret i Vaksdal. Dei øver i kyrkja kvar fredag kl 16.30. Det er god plass til fleire, så alle som er i skulealder er velkomne.

Det tause skriket

Kva er ein abort?


Filmen som vart synt på Dale ungdomsskule 14. november, gav eit tydeleg og rystande svar på dette. Den inneheldt mellom anna eit autentisk filmopptak, teken med ultralyd, av eit barn i mors liv som vart abortert. Vi såg korleis barnet reagerte då instrumenta vart førte inn. Og ingen kunne vera i tvil om at vi såg eit levande menneske.

I samtalen etterpå vart det understreka kor viktig det er at vi hjelper kvarandre til å sjå kva ein abort i røynda er. At vi nyttar ord som ikkje dekkjer over realitetane: At det er tale om å ta liv.

KANO

AAN rådgjeving for gravide

Dei som går med born og er i ein vanskeleg situasjon, kan no få hjelp ved eit nystarta kontor i Bergen. AAN tyder "Alternativ til abort, Norge." Dei gjev rådgjeving og praktisk hjelp. Adressa er Strandgaten 6. Telefon 32 56 77



Startnøkkelen

Vi gjengir her et lite avsnitt fra "Startnøkkelen". Det er en bibelleseplan for aldersgruppen 8-10 år. Heftet har stoff for 3 måneder og har masse oppgaver, rebuser og kryssord.

Lyst til å prøve?

Da kan du bestille heftet hos

Bibelleseringen,
Boks 1527 Vika,
0117 OSLO 1

Heftet koster kr. 20 pluss porto

Din Bibel kan bli levende

Synes du Bibelen virker tung og vanskelig. Vet du ikke hva du skal lese? Prøver du å lese «hele Bibelen», men må gi opp? Blir det helst med «de gode» versene, og lite plan og system?

Bibelleseringen kan hjelpe deg!

Bibelleseplaner med kommentar. «Nøkler» for barn, ungdom og voksne. Skriv etter brosjyre og gratis prøvehefte. Bibelleseringen, Boks 1527 Vika, 0117 OSLO 1. Tlf. 02 - 20 16 14.

56. dag

Apgj 17, 16-21



Skriv hva Paulus
så på alteret.

Folk i Aten hadde mange guder, men de var redd for at de hadde glemt én. Derfor bygget de et alter til ham, så han ikke skulle bli sint. Dette alteret var det Paulus så.

Bønn: Kjære Gud. Jeg vil be for alle som ikke kjenner deg, men som tilber guder de selv har laget. La de få høre om deg og bli glad i deg. Amen.

Noen ord er
skrevet bakfra.

Paulus fortalte folk i
Aten at den sanne Gud
er erreh revo lemmih go
droj

..... v. 24
Han rah tpaks nedrev

..... v. 24
Han gir ella ednå go vil
og ella gnit.

..... v. 25

STOR KYRKJEHELG



Bente Tyssen og Dale Mannskor i Nesheim kyrkje

Sundag 16. november var det storhelg for kyrkjene i Eksingedalen. Både Flatekval og Nesheim kyrkjer fekk vigsla dei nye orgela sine. Og i det behagelege haustveret møtte folket i dalen mannjamnt fram. Kyrkja på Flatekval var fullsett då høgtida tok til med inngangspreludium av Frode Raymund Vik. Gudstenesta vart forretta av sokneprest Meidell, med preike av prost Østtveit, og etter preika vart den høgtidelege vigslinga føreteken av prost Østtveit. Under gudstenesta var det song og musikkinnslag av gjestande Dale Mannskor og Lars Ragnvaldsen. Av dalen sine egne krefter deltok Bente Tyssen og Asbjørn Nese.

Som avslutning på samveret i "Ljosheim" minna prost Østtveit om at gode og tenlege orgel skulle vera eit hjelpemiddel til å bera fram den takk og lovsong som tilkjem Jesus som vår Herre og Frelsar.

Etter samveret i "Ljosheim" gjekk så turen til Nesheim for å vigsla orgelet der. Her var det den unge orgelreven Jon Straume som innleida høgtida med preludium. Dale Mannskor og dei andre musikal-kreftene var trufast med dagen til ende og gav oss fleire nummer med høgverdig musikk.

Sokneprest Meidell hadde både liturgi og preike her, medan vigslinga vart føreteken av prost Østtveit.

I EKSINGEDALEN



Blomstertakk frå kyrkjelydane i Eksingedalen til orgellevane Frode Raymund Vik og Jon Straume

Nesheim sokneråd



Frå venstre: Gunnar Jarle Nesheim, sokneprest Meidell, Asbjørn Nese, Anny Gullbrå og Anny Ekse

Etter vigslinga i kyrkja bad sokneråda inn til festsamver i "Ljosheim" der folk benka seg kring velduka bord. Og etter god mat og kaffi vart det helsing- og takketalar. Kommunen fekk ros for romsleg og rask sakshandsaming, fabrikken som har levert orgela, vart rosa for gode og høvelege instrument. Rettkomne lovord vanka det til organistane Ragnvaldsen og Nese for deira innsats for å skaffa kyrkjene nye orgel. Og innsatsen til bygdefolket må heller ikkje gløymast, det har frå bygda vore samla inn omlag ein tredjedel av innkjøpsprisen for orgela.

I ei slik høgtid med mykje song og musikk merka me oss med særsklid interesse dei to unge orgellevane Frode Raymund Vik og Jon Straume. Dei ferdigheitene desse to viste, gjev oss voner for at me også i framtida vil ha dugande kyrkjemusikarar i Vaksdal.

Johan J. Gullbrå

Når vi tek ein prat med soknerådsformannen, Asbjørn Nese, etter at orgelet er vigsla, er han fornøgd og svært glad for det nye instrumentet og for at alt har gått så bra. Arbeidet for å få hytt orgel har vore hovudoppgåva vår i år, seier han. Og no står det der altså, - fullfinansiert og nett tatt i bruk.

Elles går mykje av tida med til å gjera rutinearbeid, mange saker skal handsamast, og det er soknerådet som har det praktiske ansvaret for kyrkja.

Vi tok del i den store TV-innsamlingsaksjonen i haust. Og no arbeider vi med tripp-trapp, og diskuterer kva vi skal gjera med det.

TV-aksjonsleiinga seier: TAKK FOR SAMARBEID

Mange arbeidstimar ligg bak dei millionane som årets TV-innsamling fekk inn. Ei rad med innslag i lokalmiljøa har gjeve fleire nordmenn innblikk i forholda i Asia, Afrika og Latin-Amerika.

Årets TV-aksjon er resultat av samarbeid! Vi i aksjonsleiinga hadde våre oppgaver. Dei har det vore inspirerende å gå laus på i møte med den innsatsen vi frå første stund merka hos dykk som har vore aktive på "grasrota".

Når vi no er komne i mål, kjenner vi trøng til å seie et mangestemt takk! Takk til alle dykk som har vore komitémedlemmer eller bøsseberarar. Dykk som har stått på stand, selt u-landsvarer, sett opp plakatar, fortalt om TV-aksjonen på store og små samlingar eller teke med elevar til den 3. verda gjennom undervisningsmaterialet.

Og sist, men ikkje minst; Takk til alle dykk som åpna dører og lom-mebøker for innsamlarane. Utan dykk var det ikkje mogeleg for oss å gi "Hjelp utan grenser". Vi har som mål å bruke pengane i samarbeid med menneske i den 3. verda. Då gjer vi slik Paulus oppmoda då han ba oss vere "Guds medarbeidarar".

Hilsen

Jan A. Erichsen
generalsekretær

Egil Hauge
aksjonsleder



Det samla beløpet som vart sendt frå Vaksdal kommune i år var kr. 157.935,30

Takk for flott innsats frå både innsamlarar og gjevarar. Vi sette ny rekord i år!



Dette biletet syner standen som sokerådet på Vaksdal hadde på Vaksdal Senter dagen før innsamlinga. Mykje over 200 fekk smaka sudanesisk mat, og endå fleire var bortom borda for å sjå og høyre kva som gjekk føre seg.

OPEN SAMTALEGRUPPE

5. JANUAR 1987: EIDSLAND, SAKRISTIET I KYRKJA

ME VENTAR PÅ DEG. TA GJERNE MED NOKRE GODE VENER



AFRIKABREV

Takk for den siste tida eg fekk aman med mange av dykk før eg reiste til Kenya.

Siste dagane i februar i år kom eg gang i arbeidet. Misjonsstasjonsstasjonen Chesta ligg ved den store sletta i Vest-Pokot, vest i landet, ca 1100 m.o.h. Bak stasjonen ru-er fjella. No om dagane varierer temperaturane mellom 22 og 35 grader C. Herligt svalt ved 25-26 gradar!

Pokot-folket livnærer seg som bønner i fjella eller halvnomadar ute på etta. Menge er iferd med å busetja og meir fast. Er mest naturalhusldning, men pengehusldninga er på g inn. Dei dyrkar mais, hirse, bønner og har sine (ofte store) ku-, gei- og saueflokkar. Fleirtalet av den skne befolkninga har ikkje gått på ule. Frå 1980 vart det innført obligatorisk skulegang i denne delen av landet.

Me er to norske sjukepleiarar med vår nasjonale medhjelpar her i Chesta. Arbeidet er forebyggjande/kurativ behandling, mor/barn-klinikk ogelsekontroll av barn ved 9 skular. Etter eg kom har me kunna utvida arbeidet slik at ein av oss, den andre sjukepleiaren, er 3-4 dagar i strekk ved 3 av skulane som er oppi fjella og er vanleg klinikk der. Prøver å vera er en gang pr. mnd. Sjølv har eg anvaret for klinikken og det mobile arbeidet ut frå den. Gjennom dei daglege andaktene på klinikken og ute i distriktet når me ein del av dei som ikkje kjem til kyrkja/møtene.

Elles er eg med i søndagsskulearbeidet og ved møta kringom. Sist veke var 175 barn samla frå 10 søndagsskular herikring til søndagsskulens dag!

For vel ein mnd. sidan hadde eg ei mor til svangerskapskontroll. Til mora sin store fortvilning fortalte eg at det var tvillingar undervegs. I denne kulturen inneber det at mykje ofring og reinsingsseremoniar må til.

Frå gammalt av drap dei det eine barnet, noko ein del framleis gjer. Veka etterpå møtte eg henne på sjukehuset glad og takksam for to små velskapt gutar (det er antalet gutebarn som gjev status her). Men kva vil skje når ho kjem heim - vil "det gamle" sigra? Ho har gått litt på møta der ho bur, men har ho fått del i det frigjerande evangeliets bodskap?


Det er stort, men inga enkel oppgave å få vera med og opna Bibelen for Pokot-folket. Dei har NT på Pokot-språket, og arbeidet med å omsetja GT er i gang. Mange av dei er kristne i 1. generasjon og treng mykje forbøn. Vil du vera med?

Verda treng Kristus, og Kristus treng deg,
du som har funne den levande veg.

Ynskjer dykk alle ei velsigna julehelg og eit godt nytt år.

Varm helsing frå
Grethe Øpstebø.

Vi vil ta med Grethe sin adresse. Kanhende nokon vil sende henne nokre ord. Eit brev er ei god oppmuntring. Grethe Øpstebø, Chesta st. P.O. Weiwei via Kapenguria Kenya



Julen er Jesus

Hva er og betyr julehøytiden for meg - for deg? Hva er den livets mening med julens budskap for oss og i vår tid?

Ja, i en tid med forvirring og uro på mere enn én måte. Et budskap om glede og fred harmonerer det med det som mange, kanskje alle, opplever på de forskjellige måter og områder? Og - et blikk globalt, til de mange, mange som har den daglige nød i sitt liv og sine land.

Fred på jord? Paradoks, - Nei! Den fred som forkynnes for hyrdene julenatten, er og noe annet og mere enn verdens fred. Det er fred i hjertet og fred med Gud, på tross av, og midt i alt som er uro, både i oss og om oss.

Må julens budskap møte oss, den enkelte, slik Gud så gjerne vil. Julen er Jesus. en Frelser er født. Julen er Himmelens dør satt på gløtt! Og Ingvar Hagberg sier det slik:



Ill. B. Bjørneboe

Julen er mere enn glitrende graner og skinnende sne!
Julen er mere enn tilvante vaner og gang om et tre.
Julen er Jesus, Guds enbårne sønn.
Julen er himmelens svar på din bønn.
Julen er Jesus.

Julen er mere enn krybben og stallen og leiet av halm.
Julen er mere enn klokkenes kallen og klingende malm.

Julen er Jesus, Guds sonofferlam, lammet som bar all vår skyld og vår skam.

Julen er Jesus.

Julen er mere enn hellige minner om hyrder på vakt.
Julen er mere enn stjerner som skinner i funkende prakt.
Julen er Jesus! En frelser er født!
Julen er himmelens dør satt på gløtt.
Julen er Jesus.

Han er vår høytids innhold og kjerne og dyreste skatt!
Han er den eneste lysende stjerne i tidenes natt.
Jesus er trøsten for slekter som blør.
Jesus er håpet for meg når jeg dør.
Jesus alene.

Johanne Stanghelle



UTDELING AV MI KYRKJEBOK TIL 4-ÅRINGAR I VAKSDAL KYRKJE

EI ANNLEIS JULEGÅVE?



Dåpsring for heimane kan no tilby dei fyrste pakkane i serien tripp - trapp, med hjelp til oppseding av borna.

Ein kan abbonera for eit barn på denne serien, -for sitt eige barn eller til dømes eit ein er fadder for. Kanhende dette er ein god idè til julegåve frå deg?

FAKTA OM TRIPP TRAPP

- * Det er eit abonnementsopplegg.
- * Medlemsskap kostar kr 300 pr. år.
- * Medlemsskap kan teiknast allereide når barnet er nyfødt.
- * Barnet får tre pakkar i året (fyrste pakka ved 4 mnds alder). Innhaldet i pakkane er nøye tilpassa barnet sin alder.
- * Foreldrevegledning i kvar pakke.
- * 3-5 ting til barnet i kvar pakke, t.d. bøker, kassetar, leikar, julekrybbe, formingssaker o.s.b.
- * Materiellet finst i bae målformer.

Enno er ikkje heile systemet ferdig utbygd. No er materiellet for gruppe 0-1 år og 3-4 år ferdig.

NÅR KAN BARNET MITT VERTA MEDLEM ?

BORN FØDDE	KAN VERTA MEDLEM
juli 1986 el. seinare	f.o.m. nov. 1986
1. jan. 1984 - 30. juni 1986	f.o.m. jan. det året dei fyller 4
1983	f.o.m. jan. 1987

Ein kan få nærare opplysningar og brosjyre med påmeldingsslipp på prestekontora.

OM TRIPP TRAPP

Vibeke Sæther (førskolelærer, programsekretær i NRK/Fjernsynet): "Endelig er det et tilbud, en foreldreskole, hvor mor og far og de som står nær barnet, kan få materiale, hjelp og veiledning til en av livets viktigste oppgaver: oppdragelsen av et menneske."

Oddbjørn Evenshaug og Dag Hallen (underviser ved Pedagogisk forskningsinst. på Universitetet i Oslo):

"Ingen er bedre egnet til å oppdra barn enn nettopp barnets foreldre. Foreldrene må få hjelp til å stole på seg selv og sin sunne fornuft. Gjennom foreldreveiledningene i tripp trapp-pakkene vil vi være med å gi slik hjelp."

Brit Maria H. Austad (redaktør i HD-forlaget, adjunkt med lang undervisningserfaring):

"Noe av det det som er viktigst for meg i arbeidet med tripp trapp-pakkene, er at hele verden er Guds verden. Derfor skiller vi ikke mellom en kristelig og en ikke-kristelig del av livet. Vi håper materiellet vårt vil hjelpe foreldrene til å bli like trygge på å be til Gud sammen med barna som å lese eventyr for dem. Barna trenger at vi gjør begge deler."

NY KONTORASSISTENT

I. november byrja det ein ny kontorassistent på prestekontoret på Dale.

Vi vil seia takk til Karin Johanne Berge Rosvold for alt det arbeidet ho har lagt ned på dette kontoret!

Og vi ynskjer Reidun Takvam velkomen og lukke til i tenesta! Mange vil vel kjenna Reidun frå før, for ho har vikariert på kontoret tidlegare. Reidun vert å treffa på kontoret om føremiddagen måndag, onsdag og fredag. Måndagane har ho fast kontortid kl. 10-13.



VALG!

I vår barndoms og ungdoms tid var et valg ikke så mye påaktet, så ofte gikk nok valgdagen forbi uten deltagelse. I dag er det med iver å glødfør å finne de som er skikket til å styre vårt samfunn.

Men det er et annet valg som ingen kan unndra seg for å delta i, og det er ikke bare for en periode men selve evigheten. Jeg hørte et vidnesbyrd i sommer på Sørlandet, som jeg sent vil glemme. Det var slik: "Der var to som stemte på meg for begge ville ha meg. Det var Gud og Djevelen. Men så hadde jeg også stemmerett. Så la jeg min stemmeseddel i urnen som tilhørte Gud. Da fikk Gud flertall, og dermed hørte jeg ham til." Det høres nokså enkelt ut, men slik er det.

I Josva 24,15 lærer vi: "Velg i dag hvem dere vil tjene!" Men selv sier han: "Jeg og mitt hus, vi vil tjene Herren."

Her er hver ansvarlig for sitt valg, ingen kan pålegge det en annen. Derfor, du som leser disse linjer, tenk alvorlig i hvilken urne du har lagt din stemmeseddel. I Matt.7,14 står det at der er få som finner den smale vegen til livet, men mange den brede til fortapelsen. "Hvor ormen ikke dør, og ilden ikke slukkes" Jes. 66,24. O alvorfulle ord!

Velg i dag hvem du vil tjene mørkets fyrste eller ham. I dette valg er du alene. Velg i dag Guds offerlam!

John Støle

KIRKENS SOS



Er du i en vanskelig situasjon og har behov for noen å snakke med? Ring 23 30 80. Åpent hver dag fra kl. 19.00 til 07.00

Frå kyrkjebøkene

Døypte



DALE

28.09 Anette Steinsland
12.10 Aina Terese Olsnes
12.10 Monica Holme
12.10 Andreas Søvik Fossmark
26.10 Eirik Rønhovde Andersen
26.10 Stine Irene Faugstad
26.10 Rose Kristin Dalseid

STAMNES


12.10 Ole Johnny Carlsen
2.11 Eirik Straume Normann
2.11 Ole Christian Tøsse

EIDSLAND

2.11 Winnie Bolstad Eikefet

VAKSDAL

19.10. Fredrick Sandboe
19.10. Bo Daniel Rolland
16.11. Arne Rugeldal Sandven
16.11. Hege Erstad



Vigde



DALE

10.10 Geir Hellve og Irene Stanghelle Hvidsten
24.10 Leif Indrebø og Arnhild Johnsen



Avlidne




VAKSDAL

5.11. Margrethe Bjørsvik f.1907
8.11. Nils Trettenes f.1899

DALE

2.10 Johanna Hesjedal
7.10 Synnøve Rolland
26.10 Mathilde Hesjedal
26.10 Gjertrud Vatle



PREIKELISTE FOR VAKSDAL PRESTEGJELD 1.JAN.- 5.APRIL

	STANGHELE	DALE	VAKSDAL	STAMNES	EIDSLAND	EKSINGEDAL	NESHEIM	BERGSDAL
JAN. 1.			M.kl.11.00 n.					N.kl.11.00 nattv.
4.							N.kl.11.00 n.	
11.		M.kl.11.00 n.						
18.			M.kl.11.00	N.kl.11.00 n.				
25.					M.kl.11.00 n.	N.kl.11.00 n.		
FEBR. 1.		N.kl.11.00 Fam.gudst.	N.kl.18.00 n.					M.kl.11.00 n.
8.	N.kl.11.00 n.			M.kl.11.00 n.			M.kl.16.00 n.	
15.		M.kl.11.00 n.	N.kl.11.00 Fam.gudst.					
22.					N.kl.11.00 n.	M.kl.11.00 n.		
MARS 1.				N.kl.19.00 n.				N.kl.11.00 n.
4.		M.kl.19.30 Festeguds. n.						
8.			M.kl.18.00 n.				M.kl.11.00 n.	
15.		N.kl.11.00		M.kl.11.00 n.				
22.			N.kl.11.00 n.		M.kl.11.00			
27.	M.kl.19.00 Festegudst. n.							
29.		N.kl.19.00 n.				N.kl.11.00 n.		M.kl.11.00 n.
APRIL 5.			M.kl.11.00 n.	N.kl.19.00 n.			N.kl.11.00 n.	

M = spr.Meidell

N = res.kap.Norum

n = nattverd

1.februar - Utdeling av "Vi går i kyrkja"
til 1.kl. i Dale kyrkje.

15.februar - Bibeldagen

VELKOMEN TIL KYRKJE



7.des. - 2.sundag i advent.

NESHEIM kl.11.00 kl.11.00 v/rk.Norum.
Offer til Dronning Mauds minne.STAMNES kl.11.00 v/sp.Meidell.
Nattverd.Offer til Blå Kors.VAKSDAL kl.19.00 Lysmesse v/Norum.
Offer til Den Indre Sjømannsmisjon
og Den Norske Sjømannsmisjon.

13.desember - laurdag.

BERGSDALEN kl.16.00 Lysmesse
v/sp.Meidell.Offer til soknerådsarb.STAMNES kl.17.00 Lysmesse m/jule-
konsert v/rk.Norum.Offer til sokne-
rådsarbeidet.

14.des. - 3.sundag i advent.

EKSINGEDALEN kl.16.00 Lysmesse m/jule-
kons.v/Norum.Offer til Kirkens Nødhjelp.VAKSDAL kl.20.00 Julekonsert.v/Norum.
Offer til Bjørgvin Bispedømmeråd.DALE kl.18.00 Julekonsert.andakt
v/sp.Meidell.

21.des. - 4.sundag i advent.

EIDSLAND kl.11.00 Gudst.m/julekonsert.
v/sp.Meidell.Nattverd.DALE kl.11.00 V/rk.Norum.Nattverd.
Offer til Bjørgvin Stiftssenter.

24.des. - Julaftan

NESHEIM kl.11.00 Fam.gudst.v/sp.Meidell.
Offer til Misjon bak jernteppet.STAMNES kl.13.00 Fam.gudst.v/rk.Norum.
Offer.DALE kl.15.00 og kl.16.00 Fam.gudst.
v/sp.Meidell.Offer til Dale og Stang-
helle søndagsskular.VAKSDAL kl.16.00 Fam.gudst.v/rk.Norum.
Offer til Kirkens Nødhjelp.

25.des. - 1.Juledag.

VAKSDAL kl.11.00 Høgtidsgudsteneste
v/rk.Norum.Nattverd.Offer til Det
Norske Misjonsselskap.DALE kl.11.00 Høgtidsgudsteneste
v/sp.Meidell.Offer til Menighets-
fakultetet.

26.des. - 2.Juledag.

STAMNES kl.11.00 Høgtidsgudsteneste
v/sp.Meidell.Nattverd.Offer til
Misjon Bak Jernteppet.BERGSDALEN kl.11.00 Høgtidsgudsteneste
v/rk.Norum.Nattverd.Offer til dronning
Mauds Minne.EKSINGEDALEN kl.16.00 Høgtidsgudst.
v/sp.Meidell.Nattverd.Offer til Redd
Barna.

28.des. - Sundag etter jul.

EIDSLAND kl.11.00 v/rk.Norum.Offer
til Det Norske Misjonsselskap.

GRØSVIK GRENDAHUS kl.11.00 v/sp.Meidell.

31.des. - Nyårsaftan.

DALE kl.23.15 Midnattsmesse v/Norum.

STAMNES kl.23.15Midnattsmesse v/Meidell.

1.Jan. - Nyårsdag

VAKSDAL kl.11.00 v/sp.Meidell.Nattverd.

BERGSDALEN kl.11.00 v/Norum.Nattverd.

4.jan. - Kristi openberringssundag.

NESHEIM kl.11.00 v/rk.Norum.Nattverd.

11.jan.-1.sund.etter Krist openberring.

DALE kl.11.00 v/sp.Meidell.Nattverd.

forts. neste side

Preikeliste forts.

18. jan.-2. sund. etter Krist openberring.
 VAKSDAL kl.11.00 v/sp.Meidell.

STAMNES kl.11.00 vrk.Norum.Nattverd.

25. jan.-3. sund. etter Kristi openberring.

EIDSLAND kl.11.00 v/sp.Meidell.Nattverd.

EKSINGEDALEN kl.11.00 v/Norum.Nattverd.

1. febr.-4. sund. etter Kristi openberring.

DALE kl.11.00 Fam.gudst. v/rk.Norum.
 Utdeling av "Vi går i kyrkja til l.kl.

BERGSDALEN kl.11.00 v/sp.Meidell.Nattv.

VAKSDAL kl.18.00 v/rk.Norum.Nattverd.

8. febr.-Vingards-sundagen.

STAMNES kl.11.00 v/sp.Meidell.Nattverd.

STANGHELLE kl.11.00 v/Norum.Nattverd.

NESHEIM kl.16.00 v/sp.Meidell.Nattverd.

15. febr. - Sãmanns-sundagen.

DALE kl.11.00 v/sp.Meidell.Nattverd.

Bibeldagen.

VAKSDAL kl.11.00 Fam.gudst.v/rk.Norum.

Bibeldagen.

22. febr.- Kristi forklåringsdag.

EIDSLAND kl.11.00 v/rk.Norum.Nattverd.

EKSINGEDALEN kl.11.00 v/Meidell.Nattv.

1. mars-Sundag før faste (Fastelavn).

BERGSDALEN kl.11.00 v/Norum.Nattverd.

STAMNES kl.19.00 v/rk.Norum.Nattverd.



SLÅ PÅ TRÅDEN

eller send meg nokre ord om du har
 stoff til neste nummer.
 Frist for innlevering av stoff
 er 10. februar.

Tove Margrete

Vaksdal prestegjeld

Sokneprest:

Inge Christian Meidell

tlf. 59 61 20

Res. kap.:

Kjell Arne Norum

tlf. 59 70 88

Hugs, måndagen er presten sin
 fridag!

Kontorassistenten kan treffast
 på kontoret på Dale måndagar
 kl 10-13, tlf. 59 61 20

Utgjevar: Sokneråda. Bladpengar: kr. 45,- (eller meir!)

Postgiro 5 72 34 73 Bankgiro 3500.50.13117

Bladstyrar: Tove Margrete Nordmark, Boge, 5270 Vaksdal, tlf. 597201

Kasserar: Asle Georg Karlsen, Boge, 5270 Vaksdal, tlf. 597232

Eksp. og trykk: Øystese Trykkeri A/S, 5610 Øystese, tlf. 05 - 555045

Retur til Øystese Trykkeri A/S, 5610 Øystese